

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018**

**Geir Kjell Andersland, V**, sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkestinget aksepterar kravet frå Konkursboet for Bergen 2017 AS om utbetaling av usikkerhetsavsetjing på 5,2 mill. kr.»

**Terje Kollbotn, R**, sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Punkt 3

Hordaland fylkesting ber fylkesrådmannen leggje fram ei evaluering av sykkel-VM og ein samla oversikt over fylkeskommunen sine direkte og indirekte utgifter i samband med gjennomføring av arrangementet.»

**Roald Kvamme, A**, sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget delegerer til fylkesutvalet å fatta vedtak i saka.»

Kvamme trekker sitt forslag.

### **Røysting**

Andersland sitt forslag fekk 17 røyster (V, 2MDG, H) og fall.

Innstillinga fekk 40 røyster (A, 1MDG, SV, Sp, KrF, Frp, R) og vart vedteken.

Kollbotn sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Fylkestinget viser til fylkesrådmannen si saksutgreiing og aviser krav frå konkursbuet for Bergen 2017 AS v/advokatfirmaet SteenstrupStordrange DA om utbetaling av usikkerhetsavsetjing på 5,2 mill. kr.
2. Fylkestinget godkjener at summen på 5,2 mill. kr vert motrekna mot Bergen 2017 AS si manglante istandsetjing av fylkesvegane, slik det er avtalefesta mellom partane.
3. Hordaland fylkesting ber fylkesrådmannen leggje fram ei evaluering av sykkel-VM og ein samla oversikt over fylkeskommunen sine direkte og indirekte utgifter i samband med gjennomføring av arrangementet.